



Oster Pukk og Sand AS
Eikemovegen 3
5994 VIKANES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1969 - 19/4008

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
04.02.2019

Avvist søknad om deling - gbnr 220/2 Aurdal store

Administrativt vedtak. Saknr: 083/19

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

SAKSUTGREIING

Saka gjeld oppretting av nye grunneigedomar frå eigedomen gbnr 220/2 Aurdal store. Det vert elles vist til søknad motteken 26.06.2018.

VURDERING

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 5-4. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Det er ikkje gjort tilstrekkeleg greie for kva areal som skal delast frå, storleik på arealet, eller bruk av arealet.
- Det ligg ikkje føre situasjonsplan som viser dei omsøkte areala.
- Tiltaket er ikkje nabovarsla.
- Søknaden er ikkje signert av person med signaturfullmakt, jf. opplysningar om dette i einingsregisteret.

Kommunen har ut frå dokumentasjonen i saka ikkje kunne tatt stilling til om tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget eller i kva grad tiltaket krev avklaring etter anna lovverk, t.d. jordlova.

Tilleggsdokumentasjon vart ettpurd i vårt skriv datert 31.08.2018. Vi kan ikkje sjå å ha motteke ny dokumentasjon i saka.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at han kan takast til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og forskrift om byggesak § 5-4.



VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4, vert søknad om oppretting av ny grunneigedom frå gbnr. 220/2 avvist.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i samsvar med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Oster Pukk og Sand AS

Eikemovegen 3 5994

VIKANES

Mottakarar:

Oster Pukk og Sand AS

Eikemovegen 3 5994

VIKANES